



Sigmund Myklebust, her på Fjellandsbøle, er positiv til Farmen-innspelet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sigmund Myklebust og familien hans er svært positive til Fjellandsbøle som Farmen-prosjekt og vil gjerne at det kan lukkast. Det opplysar Tore Eik i kommunen om eigaren i prospektet som ordfører Synnøve Solbakken no har sendt TV2 i håp om at garden lengst oppe i Uskedalen kan bli**

**utpeika til neste års innspelinger.**

**Prospektet er på 20 sider og grundig og i eit fylgjeskriv held ordføraren fram at kommunen har mykje vakker natur som er som skapt for Farmen-innspelning,**

Tore Eik opplysar at eigarane på begge bruka har vore kontakta i samband med dette innspelet men det er Sigmund Myklebust som har vore kontaktperson,

Eik konstaterar at det har budd folk på Fjellandsbøle tilbake til svært gamal tid. Han legg her ved kopi av bygdeboka. Det bur ikkje lenger folk på plassen fast, men hovudhuset vert nytta til utleige, Jorda og husa vert haldne i hevd og det beiter dyr på staden i heile beitesesongen.

Huset på garden til Myklebust har ei gunnflate på 95 kvadratmeter og er i bra stand. Det er innlagt vatn og straum og det er bilveg heilt fram, Veg og straum er lagt fram på ein fin måte og det er lite sår i naturen, påpeikar Eik.

Fyrste høgda i huset er delt i to - daglegstove med moderne kjøkenkrok og ei stor gamal stove med god plass langs eit langbord. I andre høgda er det to store sovesalar.

Driftsbygningen er ikkje i bruk i dag, men det er ein tradisjonell låve med køyrebu som vil kunna høva godt i slike samanhengar.. Det er også fleire hus på nabobruket som vil kunna høva godt.

Det vert og minna om at fjella over garden er iferd med å bli svært kjente i fjellsportsamanheng og at det sist sommar var omtale av dei i eit amerikansk klatremagasin.

Kor store sjansane er for Fjellandsbøle som Farmen-arena er uvisst. TV2 ynskjer seg ein fruktgard ved saltvatn og det er noko som Kvinnherad neppe kan oppfylla. Men er dette kravet absolutt?

Av Ola Matti Mathisen